

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 05.11.2014
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Internt lån til Helse Bergen - finansiering av egedomskjøp**

ARKIVSAK: 2013/800/
STYRESAK: 130/14

STYREMØTE: 08.12. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Helse Vest aukar tildelinga av internt lån frå kr 28 mill. til kr 56 mill. til finansiering av egedomskjøp i Haukelandsbakken 45.

Oppsummert

Helse Bergen søker om å få tildelt internt lån i 2014 på kr 56. mill. Dei er tildelt ei låneramme på kr 28 mill. i 2014 til kjøp av bygg i Haukelandsbakken. Dei hadde planlagt å dekke kjøpet over 2 år, men kan no overta eigendommen og ønske derfor å finansiere kjøpet innafor årets budsjett.

Kommentarar

Under sak 009/14 B Konsernbudsjett 2014 for føretaksgruppa i Helse Vest blei Helse Bergen tildelt eit lån på kr 28 mill. til å finansiere kjøp av bygg i Haukelandsbakken. Det blei i denne saka fatta følgjande vedtak:

4. Administrerande direktør ber om fullmakt til å inngå avtale med Helse Bergen om internt lån på kr 28 mill. når søknad frå føretaket ligg føre.

Helse Bergen hadde i sitt opphavlege budsjett lagt til grunn at eigendommen skulle utviklast og finansierast over 2 år. Samla investeringskostnad var anslått til kr 80 mill. Helse Bergen har no avtalt kjøp av egedomen Haukelandsbakken 45 til ein pris som inkludert dokumentavgift utgjer kr 64 mill. I tillegg vil det kome kostnader knytt til frigjeving av tilhøyrande parkeringsanlegg. Det vil og vere behov for noko tilrettelegging i bygget til mellombels bruk medan protonterapianlegget blir planlagt. Samla behov for finansiering er anslått til kr 80 mill.

Helse Bergen legg no til grunn ein samla lånefinansiering på 70% av kr 80 mill., og søker Helse Vest om eit lån i 2014 på kr 56 mill.

Utvikling av Nordås låg også i grunnlaget for søknad om opphavleg lån. Prosjektet er ikkje komen så langt ennå og Helse Bergen vil komme attende til dette i budsjettbehandlinga for 2015.

Helse Vest har i 2014 tilgjengeleg midlar på kr 390 mill. som kan disponerast inn mot interne lån. Av dette blei kr 221,4 mill. disponert til interne lån under sak 009/04 B. I denne summen inngår også kr 28 mill. til Helse Bergen. Det er derfor finanselt grunnlag for å kunne auke lånetildelinga til Helse Bergen frå kr 28 til kr 56 mill. i 2014.

Konklusjon

Administrerande direktør ser positivt på lånesøknaden frå Helse Bergen og vil tilrå at lånetildelinga for 2014 blir auka frå kr 28 til kr 56 mill. slik at eigedomskjøpet kan finansierast innafor årets budsjett.